

(A) = Åpen, kan bestilles fra Arkeologisk museum i Stavanger
(B) = Begrenset distribusjon
(C) = Kan ikke utleveres



Undersøking av rydningsrøys og gardfar

Ånestad, gnr. 45 bnr. 37,
Hå kommune.

Even Bjørdal

AmS saksnummer: 19/2001
Journalnummer: 00/1420

Dato: 10.05.2007
Sidetal (inkl. vedlegg): 32
Opplag: 15

OPPDAGSGJEVAR:
Arild Vagle
Opstadv. 461, 4360 Varhaug

STIKKORD:
Gardfar
Rydningsrøyser



Arkeologisk museum
i Stavanger

Oppdragsrapport 2006/18
Arkeologisk museum i Stavanger
Avdeling for forminnevern

Utgiver:
Arkeologisk museum i Stavanger
Box 478
4002 STAVANGER
Tel.: 51 84 60 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: ams@ark.museum.no

Stavanger 2007



Undersøking av rydningsrøys og gardfar

Ånestad, gnr. 45 bnr. 37,
Hå kommune.

Even Bjørdal

Rapport til topografisk arkiv



Arkeologisk museum
i Stavanger

Vår ref.: Sakshandsamar: Arkivkode Dato:
Helge Sørheim 613 10.05.2007

Kommune: Hå
Gardsnamn: Ånestad
Gnr: 45
Bnr: 37
Lokalitetsnamn: I fornminnefeltet "Raudaland" / "Røysen - Hauan"
Tiltakshavar: Arild Vagle
Adresse: Opstadv. 461, 4360 Varhaug

Saka sitt namn: Søknad om grøfting på gnr 45/bnr 37.
Søknad om dispensasjon frå lov om kulturminne.
Saksnr: 19/2001 Flyfotoreg nr: 514 K6 R9
Brevjournalnr: 00/1420-16/ Fornminnenr: R 11190045004
1119-45
Kartblad: Nærø 1212 III ID (Askeladden:) 24250
AK 015-5-2
UTM: 32VKK066038 H o h: 95 - 100 m

Aksesjonsnr: 2007/28 (for gardfaret), 2007/29 (for rydningsrøys 1)
Museumsnr: Ikke utdelt pga fråvære av funn
Natvit. prøvenr: 2007/9-1 (frå rydningsrøys 1), 2007/9-2 (frå gardfaret)
Fotonr: Digitalt: 69050 - 69081

Synfare: 07.12. 2000
Av: Rogaland fylkeskommune v/ Linda Julshamn

Feltundersøking: 19.10. - 20.10. 2006
Ved: Arkeologisk museum i Stavanger v/ Helge Sørheim og
Even Bjørdal
Rapport: Innan perioden 26.04. - 07.05. 2007 v/ Even Bjørdal

Gjeld: Undersøking av eit gardfar og ei rydningsrøys i samband med nydyrkning i eit område som kan ha vore del av jernaldersk gardsanlegg kalla "Raudaland" / "Røysen - Hauan". Registrering av to trulege rydningsrøyser like ved dei undersøkte kulturminna.

Innhaldsoversyn

1. Samandrag	s. 5
2. Innleiing	s. 6
2.1 Lokalisering	s. 6
2.2 Bakgrunn for undersøkinga	s. 6
2.3 Registrerte kulturminne i området	s. 6
2.4 Om problemstilling og føremål med undersøkinga	s. 7
3. Om historia til staden og ei skildring av terrenget og objektet	s. 7
3.1 Historia til staden	s. 7
3.2 Skildring av terrenget	s. 7
3.3 Skildring av objekta før undersøkinga	s. 8
4. Tidsrom og deltagarar	s. 10
4.1. Tidsrom	s. 10
4.2. Gjennomføring, vértihøve og tidsbruk	s. 10
4.3. Deltakarar	s. 10
5. Metode	s. 11
5.1 Graveteknisk metode	s. 11
5.2 Dokumentasjon	s. 12
5.2.1 Teikning	s. 12
5.2.2 Fotografering	s. 12
5.2.3 Innsamling av prøver	s. 12
5.2.4 Funn	s. 13
5.2.5 Innmåling	s. 13
5.3 Om utføringa av undersøkinga	s. 13

6. Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt	s. 14
6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling	s. 14
6.1.1 Horisontalt	s. 14
6.1.2 Vertikalt	s. 14
6.2 Kjeldekritiske aspekt	s. 14
7. Funnmateriale	s. 15
7.1 Funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s. 15
8. Skildring av anlegg / strukturar	s. 15
8.1 Innleiing	s. 15
8.2 Gardfaret	s. 15
8.3 Rydningsrøyse	s. 15
8.4 Samanfatning	s. 16
9. Naturvitakapleg materiale	s. 17
9.1 Prøvemateriale til 14C - dateringar	s. 17
9.2 Pollen - og makrofossilprøver	s. 17
10. Tolking av lokaliteten i lys av strukturar og funn	s. 17
10.1 Om funksjon og datering	s. 17
11. Formidling og publikumskontakt	s. 17
12. Litteratur	s. 17
13. Vedlegg	s. 19
Vedlegg 1 Fotoliste	s. 20
Vedlegg 2 Liste over strukturar	s. 23
Vedlegg 3 Liste over teikningar	s. 24
Vedlegg 4 Funnliste	s. 25
Vedlegg 5 Katalog	s. 26
Vedlegg 6 Liste over vitskapelege prøver	s. 28

Vedlegg 7a	Oversynskart over området: Oversyn som viser fornminnefeltet ID 24250 ved Ånestad i høve til Vathaug i Hå kommune	s. 29
Vedlegg 7b	Oversynskart over området: Oversyn som viser fornminnefeltet ID 24250 si lokalisering i høve til nærområdet	s. 30
Vedlegg 8	Oversynskart over lokalitet: Oversyn som viser lokaliseringa av undersøkingsområdet innan fornminnefeltet ID 24250	s. 31
Vedlegg 9	Detaljteikning av lokalitet: Planteikning som viser undersøkingsområdet på Ånestad, gnr. 45 / bnr. 37	s. 32

Figurar:

- Figur 1 Oversynsbilete mot NØ som viser mesteparten av undersøkingsområdet. Det utydelege gardfaret strekkjer seg frå gjerdet i forgrunnen i retning høgspentmastene, det svingar der Helge Sørheim står i terrenget....s. 5
- Figur 2 Rydningsrøys 1 før graving av sjakt, sett mot NØ...s. 8
- Figur 3 Den nordlegaste delen av gardfaret, sett mot NØ...s. 8
- Figur 4 Rydningsrøys 2, sett mot NØ...s. 9
- Figur 5 Rydningsrøys 3, sett mot SØ...s. 9
- Figur 6 Rydningsrøys 1 sett mot NV etter avtorving av sjakt...s. 11
- Figur 7 Gardfaret sett mot NV etter avtorving av sjakt...s. 11
- Figur 8 Sjakta gjennom gardfaret etter fjerning av steinar, sett mot NØ. Tommestokken viser kvar jordprøve vart teke...s. 12
- Figur 9 Del av sjakta gjennom rydningsrøys 1 etter fjerning av steinar, sett mot NØ. Tommestokken viser kvar jordprøve vart teke...s. 13
- Figur 10 Oversynsbilete mot SV som viser store delar av undersøkingsområdet. I forgrunnen ser ein den nordlegaste synlege delen av gardfaret, og Helge Sørheim står ved rydningsrøys 1...s. 16

1 Samandrag

Det er dokumentert eit gardfar og tre rydningsrøyser innan området for den arkeologiske undersøkinga på Ånestad, gnr 45 / bnr 37, i Hå kommune. Det er mogleg at desse strukturane stammar frå forhistorisk tid, og kanskje har dei kome til i samband med det jernalderske gardsanlegget "Raudaland" / "Røysen - Hauan" som ligg i nærområdet. Gardfaret og rydningsrøysene ligg innanfor fornminneområdet som er oppretta i tilknytning til dette gardsanlegget.

Gardfaret og den eine rydningsrøysa er undersøkt nærmare ved sjakting og uttak av jordprøver. Flotering av prøvene gav i alt 19 trekolbitar, desse er ikkje sendt inn til 14C - datering.



Figur 1 Oversynsbilete mot NØ som viser mesteparten av undersøkingsområdet. Det utsydelege gardfaret strekkjer seg frå gjerdet i forgrunnen i retning høgspentmastene, det svingar der Helge Sørheim står i terrenget.

2 Innleiing

2.1 Lokalisering

Ånestad gnr 45 / bnr 37 ligg ein dryg kilometer nordaust om kommunesenteret Varhaug i Hå kommune, mellom traséane for rv. 504 og rv. 505. Ein kjem til bruket via ei avkjørsle frå rv. 505. Det undersøkte området ligg omlag 500 m aust om tunet på bruket (jf. vedlegg 7b, 8 og 9).

Undersøkingsområdet er avgrensa av eit steingjerde i nord (mot bnr 17), eit gjerde i vest og eit gjerde langs traktorvegen i sør-søraust. I retning mot aust-nordaust synfarte ein i 2006 fram til staden der høgspentleidningen kryssar området (jf. vedlegg 8 og 9).

2.2 Bakgrunn for undersøkinga

Grunneigaren på gnr 45 / bnr 37 ønsker å grøfte i to kulturbeiter (jf. RFK 2000, RFK 2001). Sidan dei aktuelle areala strekkjer seg delvis inn i det freda området knytt til det jernalderske gardsanlegget ID 24250 (514 K6 R9), treng han dispensasjon frå kulturminnelova. I samband med søknad om dette, utførte Rogaland fylkeskommune (RFK) ei synfaring på staden (jf. RFK 2000). Det framgjekk då at omfattande delar av det freda området var blitt dyrka opp sidan registreringa av gardsanlegget i 1956. I følgje grunneigaren skal oppdyrkninga ha gått føre seg ved midten av 1980 - talet (jf. RFK 2001).

Ved synfaringa i 2000 vart det ikkje påvist kulturminne i det vestlegaste av dei to areala. Men i det andre, austlege området blei det registrert to gardfar og ei rydningsrøys - desse er tolka til å vere forhistoriske og såleis automatisk freda kulturminne:

"Begge gardfarene fremstår som ujevne, uklare og lite tydelige i terrenget. Opplevelsesverdien må betegnes som ganske liten, mens kulturminnenes vitenskapelige verdi kan være større. Den påviste rydningsrøysen fremstår som klarere. Det er lite ønskelig at kulturminnene skal utgjøre en "holme" omgitt av dyrket mark på alle kanter. Likevel kan røysene [skal vere røysa, min kommentar] og gardfaret inneholde viktig informasjon bl.a. om forhistorisk åkerbruk. På denne bakgrunn tilrår fylkeskommunen at dispensasjon innvilges under forutsetning av arkeologiske undersøkelser" (RFK 2001, s. 2).

2.3 Registrerte kulturminne i området

Gardfar og røys nemnde ovanfor ligg innanfor eit større verna område knytt til eit omfattande gardsanlegg frå jernalderen (ID 24250 / 514 K6 R9). På ØK - kart står namnet "Raudaland" knytt til den nordlege delen av området, men gardsanlegget er registrert under lokalitetsnamnet "Røysen - Hauan". Innan lokaliteten vart det i 1956 påvist: fire hustufter, ein geil, ein utgard/gardfar, to sikre rydningsrøyser og restar av 11 gravhaugar. Det synest å ha vore relativt mange "smårøyser" (rydningsrøyser?) i den nordvestlege delen av lokaliteten (jf. Myhre 1956).

I løpet av perioden 1956-58 vart det gjort ei arkeologisk utgraving av ein av haugane ved gardsanlegget (jf. Møllerop 1959). I haugen fann ein eit gravkammer av stein som inneheldt eit funnmateriale frå slutten av yngre romartid (dvs. siste del av 300-talet e. Kr.). Under sjølve haugen traff ein på eit kulturlag med 8000 - 10000 leirkarsskår, flintreiskapar og flintavfall. I området vart

det også påvist 84 stolpehol og ein eldstad. Eldstaden (14C-datert til 1750 BP +/- 110, dvs eldre jernalder: jf. dateringsrapport i top.ark.) vert tolka som å tilhøyre eit hus her. Dateringa til eldre jernalder høver overeins med særtrekk ved mange av leirkarsskåra. Flintmaterialet stammar derimot truleg frå yngre steinalder.

I april 1974 var Bjørn Myhre frå Stavanger museum på synfaring ved gardsanlegget (Notat til topografisk arkiv av Bjørn Myhre 24.04. 1974). Han skriv at nyleg oppdyrkning hadde hatt negative konsekvensar for kulturminna på staden:

"De fire store tuftene og tre gravhauger sør for disse var omgitt av et steingjerde som har gjerdet inn et tun. Nydyrkningen var utført kloss inntil langveggen av den nordre tufta og den søre tufta, samt inntil tungjerdet mot øst og sør. I vest var tungjerdet fjernet og det var dyrket helt inn til langveggen av vestre tuft. Geilen ut fra tuftene er fjernet og hele den sörlige utgardsarmen, samt ca 100 m av den nordlige utgardsarmen. En mengde store steiner fra dyrkningsfeltet er lagt inn over tuftene som nå ser svært ruskete ut".

Det er påvist fleire faste kulturminne som gravhaugar og rydningsrøyser på bruks i området (jf. vedlegg 7a og 7b). Det vert ikkje gjeve noko nærmare utfyllande skildring av desse her, men det skal nemnast at det like sør om tunet på gnr 45 / bnr 37 er funne restar av ein jernaldersk langhaug.

2.4 Om problemstilling og føremål ved undersøkinga

Det er mogleg at gardfar og rydningsrøys påvist ved synfaringa i 2000 kan ha oppstått i samband med det jernalderske gardsanlegget. Ei nærmare undersøking og dokumentasjon av desse kulturminna kan gje auka kunnskap, m.a. kan jordprøver tekne ut frå sjakter gravne i strukturane innehalde makrofossilar (frø, korn m.m) frå forhistorisk åkerbruk på staden.

3 Om historia til staden og ei skildring av terrenget og objekta

3.1 Historia til staden

Funnmateriale og faste kulturminne viser at det har vore busett i nærområdet heilt sidan steinalderen. Gardsanlegget med tufter og gravhaugar er, trass i øydeleggingar frå for nærgåande oppdyrkning, eit godt døme på ein øydegard frå jernalderen.

3.2 Skildring av terrenget

Undersøkinga i oktober 2006 gjekk føre seg på ein avgrensa del av område 2 (jf. vedlegg 8). Området har vore brukt til beiteland. Det er fuktig, prega av grastuer og stein som stikk opp av torva. Det veksler mellom flater av relativt fast mark og meir myrliknande områder. Terrenget heller frå aust mot vest. Ved steingjerdet mot bnr 17 i nord er det planta ein del bartre, elles finst det ikkje skog i området.

3.3 Skildring av objekta før undersøkinga

Det gjekk greit å finne rydningsrøysa (struktur A frå registreringa i 2000, heretter kalla rydningsrøys 1). Ho er relativt godt synleg som ein låg, steinfylt haug lokalisert nokre meter frå steingjerdet mot bnr 17. Ho har ei avlang form, storleiken var ca 8 m x 4 m. Høgda er ca 0,5 m.



Figur 2 Rydningsrøys 1 før graving av sjakt, sett mot NØ

Det var meir krevjande å få oversyn over gardfara (struktur B og C frå registreringa i 2000), for dei var delvis dekt av grastuer (jf. 2.2). Det som på kartet frå registreringa er teikna inn som to skilde gardfar, vart ved undersøkinga i 2006 vurdert til å vere delar av ein og same struktur. Gardfaret strekkjer seg i ei lengde på ca 80 m frå traktorvegen i sør i retning steingjerdet mot



Figur 3 Den nordlegaste delen av gardfaret, sett mot NØ

bnr 17 i nordaust (jf. vedlegg 9). Det har ei breidde på 3 - 5 m. Høgda varierer, frå knapt synleg i terrenget til opp mot 0,5 - 0,6 m.

Ein oppdaga ytterlegare to trulege kulturminne i dette området; to rydningsrøyser sør-søraust om gardfaret (heretter kalla rydningsrøys 2 og 3).



Figur 4 Rydningsrøys 2, sett mot NØ



Figur 5 Rydningsrøys 3, sett mot SØ

Rydningsrøys 2 er omlag sirkulær, med ein diameter på ca 3 m og ei høgde på 0,1 - 0,2 m. Ho er synleg som ei steinfylt, rund flate i høve til det fuktige og tuete området rundt.

Rydningsrøys 3 ligg inntil traktorvegen og har sannsynlegvis vorte råka av denne. Ho er noko meir uklar i forma enn dei andre to røysene. Den dokumenterte delen av røysa er ca 6 m brei og ca 7 m lang, høgda er opp mot 0,6 - 0,7 m.

4 Tidsrom og deltakarar

4.1 Tidsrom

Den arkeologiske undersøkinga gjekk føre seg i perioden 19.10. - 20.10. 2006. Etterarbeid (inkl. skriving av rapport) blei utført i mai 2007.

4.2 Gjennomføring, vértihøve og tidsbruk

Den 19.10. 2006 starta prosjektleiar Helge Sørheim og Even Bjørdal frå AmS arbeidet på det aktuelle området med ei synfaring til fots. Ein påviste rydningsrøys 1 (struktur A frå registreringa i 2000) og gardfaret (struktur B og C frå registreringa i 2000). Deretter sette ein i gong med å opne ei sjakt i kvart av desse kulturminna. I løpet av den 20.10. fullførte ein arbeidet med å fjerne grastorv og steinar i sjaktene for deretter å ta ut jordprøver frå masse under steinane. I samband med innmåling av rydningsrøys 1 og gardfaret ved hjelp av nivellérkikkert oppdaga ein rydningsrøys 2 og 3. Desse vart såleis inkludert i innmålinga og teikna inn på planteikninga saman med dei nemnde undersøkte kulturminna.

Véret veksla mellom oversky opphaldsvér og sol, med til tider ein noko kald haust vind frå vest.

4.3 Deltakarar

Prosjektleiar Helge Sørheim og arkeolog Even Bjørdal frå AmS gjennomførte undersøkinga i felt. Jordprøvene er undersøkt for makrofossil og trekol av Jon Erik Strange Amundsen ved AmS.

5 Metode

5.1 Graveteknisk metode

Det vart opna sjakter gjennom undersøkingsobjekta; 1 m brei for gardfaret og 50 cm brei for rydningsrøys 1. Sjaktene blei grave for hand med spade, krafse og graveskei. Det vart i tillegg nytta spett i arbeidet med å fjerne store steinar i sjaktene. Nokre steinar var såpass digre og tunge at dei ikkje vart tekne bort.



Figur 6 Rydningsrøys 1 sett mot NV etter avtorving av sjakt



Figur 7 Gardfaret sett mot NV etter avtorving av sjakt

5.2 Dokumentasjon

5.2.1 Teikning

På grunnlag av innmålte punkt ved hjelp av nivellérkikkert i felt, er det utforma ei planteikning i målestokk 1: 20 som viser dei undersøkte og registrerte kulturminna (jf. vedlegg 9). Profilane i sjaktene vart ikkje vurdert til å vere så interessante at det var naudsynt å teikne dei, dokumentasjon av desse blei difor berre utført ved fotografering (jf. 5.2.2).

5.2.2 Fotografering

Det vart teke fleire titals bilete undervegs i undersøkinga, 32 av desse er inkludert i fotolista (jf. vedlegg 1). Fotografia dokumenterer landskapet på staden, kulturminna før, undervegs og etter undersøkinga og sider ved sjølve arbeidsprosessen. Bileta av tilhøva i sjaktene er særleg viktige sidan det ikkje vart laga profilteikningar (jf. 5.2.1).

5.2.3 Innsamling av prøver

Det blei teke ut to jordprøver for makrofossilanalyse; ei frå kvar av sjaktene i rydningsrøys 1 og gardfaret. Flotering av prøvene gav i alt 19 trekolbitar (jf. vedlegg 6).

I gardfaret vart prøva samla inn omlag 30 cm under overflata, frå eit område ca 3 m frå den nordre enden av den austlege sjaktprofilen. Ho stammar frå ei mørk, fuktig humushaldig masse som låg under steinar i gardfaret og over ei brun/lys brun, klissete masse av silt og sand (moglegvis eit overgangssjikt til undergrunn).



Figur 8 Sjaka gjennom gardfaret etter fjerning av steinar, sett mot NØ. Tommestokken viser kvar jordprøve vart teke.

I rydningsrøys 1 vart prøva samla inn 35 - 40 cm under overflata, frå eit område ca 1,8 m frå den sørlege enden av den austlege sjaktprofilen. Prøva kjem frå ei mørkbrun/gråbrun, fuktig og seig humushaldig masse med innslag av silt. Ho låg under torv og steinar i rydningsrøysa.



Figur 9 Del av sjakta gjennom rydningsrøys 1 etter fjerning av steinar, sett mot NØ. Tommestokken viser kvar jordprøve vart teke.

5.2.4 Funn

Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn i løpet av undersøkinga. Dei to jordprøvene har fått funnnummer 1 (frå rydningsrøys 1) og funnnummer 2 (frå gardfaret).

5.2.5 Innmåling

Kulturminna på staden vart målt inn ved hjelp av nivelleringskikkert. Dei innmålte punkta tente som utgangspunkt for utarbeidninga av planteikninga over området (jf. vedlegg 9).

5.3 Om utføringa av undersøkinga

Arbeidet i felt starta den 19.10. 2006. Sørheim og Bjørdal tok først ei synfaring for å gjere seg kjent i området og påvise kulturminna som skulle undersøkast. Deretter fordele ein arbeidsoppgåvene slik at ein tok føre seg kvar sitt objekt; Sørheim ved rydningsrøys 1 og Bjørdal ved gardfaret. Ved slutten av arbeidsdagen hadde ein avtora begge sjaktene og kome i gang med å fjerne steinar. Den 20.10. vart undersøkinga fullført: ein fjerna steinar og tok ut jordprøver frå sjaktene, dokumenterte tilhøva ved foto, og gjorde innmålinger med nivelléringskikkert av kulturminna (inkl. rydningsrøys 2 og 3) og fastpunkt i terrenget (steingjerde, veg, høgspentmaster m.m.). Resultata av innmålinga vart ført på ei arbeidsskisse i felt, denne skissa har så i ettertid vore utgangspunkt for ei meir utførlig planteikning over tilhøva (jf. vedlegg 9).

6 Om stratigrafi og kjeldkritiske aspekt

6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling

6.1.1 Horisontalt

Tjukkleiken på grastorvlaget hadde naturleg nok samanheng med den varierende storleiken på steinane under. I sjakta i rydningsrøysa var det ein stor stein som særleg peikte seg ut, han kan vere opprinneleg jordfast på dennes staden (jf. fig. 9). Truleg går han ned i undergrunnsmasse. Steinkjernen i rydningsrøysa var ca 3 m brei.

Sjakta i gardfaret viste at dette objektet i den austlege profilen hadde ei breidde på ca 2 m. Sjølve steinkjernen i gardfaret var såleis smalare enn den høgdeforskjellen som var synleg i terrenget før ein torva av (jf. 3.3).

Masse som låg under torvlaget rett utanfor objekta, syntest å vere noko lysare, tørrare og mindre humushaldig enn laget under steinane i høvesvis rydningsrøys 1 og gardfaret.

6.1.2 Vertikalt

Sjakta gjennom rydningsrøys 1 viste denne lagfølgja:

- Øvst eit grastorvlag, med varierande tjukkleik (2 - 35 cm).
- Steinane i røysa var delvis dekt av torva. Frå markoverflata var det stein ca 40 - 50 cm ned i bakken. Storleiken på steinane varierte; dei minste var av omlag hovudstorleik, medan somme av dei største var for tunge og store til å løfte for hand.
- Under steinane fanst ei mørkbrun/gråbrun, fuktig og seig humushaldig masse med innslag av silt. Jordprøva vart teken frå denne massa.

Sjakta gjennom gardfaret viste denne lagfølgja:

- Øvst eit grastorvlag, med varierande tjukkleik (5 - 30 cm).
- Steinane i gardfaret var delvis dekt av torva. Frå markoverflata gjekk dei ca 30 - 40 cm ned i bakken. Storleiken på steinane varierte; dei minste var av omlag hovudstorleik, medan somme av dei største var for tunge og store til å løfte for hand.
- Under torva og steinane fanst ei mørk, fuktig humushaldig masse. Laget var 5 -10 cm tjukt. Prøva vart teken ut frå denne massa.
- Nedst i den undersøkte delen av sjakta var ei brun/lys brun, klissete masse av silt og sand (moglegvis eit overgangssjikt til undergrunn).

6.2 Kjeldekritiske aspekt

Truleg er både gardfaret og rydningsrøys 3 råka av traséen for traktorvegen (jf. vedlegg 9). Rydningsrøys 1 og 2 verkar derimot ikkje å vere utsett for noko form for øydeleggjande påverknad i moderne tid.

7 Funnmateriale

7.1 Funnmengde, funnkategoriar og materialtypar

Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn i løpet av den arkeologiske undersøkinga. Dei to jordprøvene har funnnummer 1 (frå rydningsrøys 1) og funnnummer 2 (frå gardfaret).

8 Skildring av anlegg / strukturar

8.1 Innleiing

Innanfor undersøkingsområdet er det påvist fire strukturar; tre rydningsrøyser og eit gardfar. Rydningsrøys 1 og gardfaret er undersøkt nærmare ved sjakting og uttak av jordprøver.

8.2 Gardfaret

I samband med registreringa i 2000 (jf. RFK 2000) vart tilhøva i området tolka slik at det fanst to restar av gardfar her - struktur B og C. Ved den innleiane synfaringa i oktober 2006, konkluderte Sørheim og Bjørdal med at det heller såg ut til å dreie seg om eitt gardfar (jf. fig.1). Strukturen er lite tydeleg i det fuktige terrenget, han er i stor grad nedvakten av grastuer. Den bevarte og synlege resten av gardfaret strekkjer seg i omlag 80 meters lengde og 3 - 5 meters breidde, frå vegen i sør i nordaustleg retning mot steingjerdet som viser grensa mot bnr. 17. Der sjakta vart lagd, var steinkjernen i strukturen ca 2 meter brei. Aust om sjakta vert gardfaret gradvis meir utsydeleg før det til slutt ikkje lenger lét seg spore på overflata. Det er mogleg at det har halde fram på den andre sida av steingjerdet, inn på det no oppdyrka området på bnr. 17. Det er fortsatt uavklart om gardfaret har fungert som ein del av det jernalderske gardsanlegget "Raudaland" / "Røysen - Hauan" (514 K6 R9, ID 24250).

8.3 Rydningsrøysene

Det er påvist tre rydningsrøyser innan det aktuelle området - rydningsrøys 1, 2 og 3 (jf. 3.3 og fig. 2, 4 og 5). Samtlege av desse kan vere frå forhistorisk tid.

Rydningsrøys 1 vart registrert under synfaringa i 2000 som struktur "A". Røysa ligg i nærleiken av steingjerdet mot bnr 17 (jf. fig.2). Ho er avlang i forma og tydlegast i den vestlege delen. Mot aust er ho meir nedgrodd, så det var noko vanskeleg å få oversyn over utstrekninga i denne retninga. Røysa er synleg som ca 8 m lang og ca 4 m brei på overflata. Sjaktprofilane viste at steinkjernen var ca 3 m brei og 0,4 - 0,5 m i høgda.

Rydningsrøys 2 blei først påvist i samband med undersøkinga i oktober 2006. Ho ligg ca 10 m nord om gjerdet ved vegen (jf. fig. 4). Røysa har ei sirkulær form og er omlag 3 m i diameter. Grastuene i det fuktige området veks så høgt at røysa er meir synleg som ei relativt kompakt, steinfylt flate enn som ein haug.

Rydningsrøys 3 blei registrert samstundes med rydningsrøys 2. Ho grensar opp mot gjerdet og traktorvegen i sør, truleg har desse konstruksjonane frå nyare tid skore seg inn i delar av røysa (jf. fig. 5). Røysa er synleg som ein noko ujamn haug i terrenget; ca 0,6 - 0,7 m høg, ca 6 m brei og ca 7 m lang.

8.4 Samanfatning

Innan det undersøkte området på Ånestad, gnr 45/bnr 37, er det påvist eit gardfar og tre rydningsrøyser. Samtlege av strukturane kan stamme frå forhistorisk tid, og det er mogleg at dei skal sjåast i samanheng med bruksperioden for det jernalderske gardsanlegget "Raudaland" / "Røysen - Hauan" som ligg i nærleiken. Dei registrerte strukturane ligg innanfor formminnefeltet som er oppretta i samband med dette gardsanlegget.



Figur 10 Oversynsbilete mot SV som viser store delar av undersøkingsområdet. I forgrunnen ser ein den nordlegaste synlege delen av gardfaret, og Helge Sørheim står ved rydningsrøys 1.

9 Naturvitenskapelige materiale

9.1 Prøvemateriale til 14C - dateringar

Det er påvist trekol i prøvene frå begge dei undersøkte strukturane (jf. vedlegg 6), men dette materialet er ikkje sendt inn til 14C - datering.

9.2 Pollen - og makrofossilprøver

Det vart ikkje gjort uttak av pollenprøver frå dei undersøkte strukturane. Derimot blei det samla inn prøvemateriale for makrofossilanalyse frå gardfaret og rydningsrøys 1. Analysa av prøvene gav ikkje funn av makrofossil som korn eller frø.

10 Tolking av lokaliteten i lys av strukturar og funn

10.1 Om funksjon og datering

Det er mogleg at ein eller fleire av strukturane (gardfaret og rydningsrøysene) har kome til i samanheng med det jernalderske gardsanlegget "Raudaland" / "Røysen - Hauan" som ligg i nærleiken. Gardfaret har truleg fungert som eit skilje mellom innmark og utmark og/eller som ei eigedomsgrense.

Det er ikkje sendt inn noko materiale til 14C - datering frå dei undersøkte kulturminna.

11 Formidling og publikumskontakt

Det føregjekk ikkje noko formidling til publikum eller kontakt med media i samband med denne undersøkinga.

12 Litteratur

Laboratoriet for Radiologisk Datering,
Fysisk Institutt, NTH, Trondheim 1959: Dateringsrapport

Møllerop, Odmund J. 1959: En hustormt med flint og keramikk
i Stavanger Museums Årbok 1958

Myhre, Albert 1956: Rapport frå registrering til top.ark. ved Stavanger Museum

Myhre, Bjørn 1974: Notat frå synfaring til top.ark. ved Stavanger Museum

Rogaland fylkeskommune (RFK) 2000: Rapport frå kulturhistorisk registrering i Hå kommune,
gnr 45 bnr 37 v/ Linda Julshamn

Rogaland fylkeskommune (RFK) 2001: Vedr. Hå kommune- søknad om grøfting på gnr 45 bnr 37.
Søknad om dispensasjon fra lov om kulturminner.
- Brev frå RFK Kulturseksjonen v/ kulturvernkonsulent
Solveig Thomassen til Riksantikvaren, 15.01.2001.

13 Vedlegg

Vedlegg 1

FOTOLISTE Arkeologisk museum i Stavanger

Oppdrag: Arkeologisk undersøking av rydningsrøys og gardfær							Flyf.reg.nr./Formm.nr.
Sak nr:	Gard: Ånstad			Gnr: 45	Bnr: 37	Kommune: Hå	
Film nr.: 1 av 1	<input type="checkbox"/> SiH	<input type="checkbox"/> Dias	<input type="checkbox"/> Digitalt	Fotograf; Even Bjørndal	AmS-ansvarleg: Helge Sørheim		
AmS arkivnr	Bildnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr
69050	1	19.10.06		V	Oversynsbilete over del av det undersøkte området. Bileta 1-4 viser undersøkingsområdet fra vest mot aust.		
69051	2	19.10.06		VNV	Oversynsbilete over del av det undersøkte området (jf. ovanfor).		
69052	3	19.10.06		NNØ	Oversynsbilete over del av det undersøkte området (jf. ovanfor).		
69053	4	19.10.06		ØNØ	Oversynsbilete over del av det undersøkte området (jf. ovanfor).		
69054	5	19.10.06		NNØ	Gardfaret (struktur B og C fra den fylkeskommunale registreringa i 2000) sett frå veggen. Strukturen kjem ikkje særleg godt fram på fotoet, men er synleg som ein langstrakt, heller svak, nivåforskjell i terrenget der enkelte steinar stikk opp av grastorva. Gardfaret svingar mot NØ der Helge Sørheim står på biletet.		
69055	6	19.10.06		NØ	Gardfaret sett frå SV. Gardfaret svingar mot NØ der Helge Sørheim står på biletet.		
69056	7	19.10.06		SSØ	Den tydlegaste delen av gardfaret, ei tversjakt vart opna her (jf. bilet nr. 8).		
69057	8	20.10.06		SSØ	Sjakta gjennom gardfaret er torva av, steinane kjem til synne. Den nordlege delen av sjakta.		
69058	9	20.10.06		SSØ	Nærbilete av den nordlege delen av den avtorova sjakta.		
69059	10	20.10.06		NNV	Sjakta gjennom gardfaret er torva av, steinane kjem til synne. Den sørlege delen av sjakta.		
69060	11	20.10.06		NNV	Nærbilete av den sørlege delen av den avtorova sjakta.		
69061	12	20.10.06		ØNØ	Den avtorova sjakta gjennom gardfaret.		
69062	13	20.10.06		NØ	Sjakta gjennom gardfaret etter fjerning av steinar; heile sjakta.		
69063	14	20.10.06		ØNØ	Sjakta gjennom gardfaret etter fjerning av steinar; den nordlege delen.		
69064	15	20.10.06		ØNØ	Sjakta gjennom gardfaret etter fjerning av steinar; den midtste delen. Tommestokk indikerer staden der makrofossilprøve vart teke ut.		

Oppdrag: Arkeologisk undersøking av rydningsrøys og gardfær						Flyf.reg.nr./Formm.nr.	
Sak nr:	19/2001	Gard: Ånestad			Gnr: 45	Bnr: 37	Kommune: Hå
Film nr. : 1 av 1		S/H <input type="checkbox"/>	Dias <input type="checkbox"/>	Digitalt <input type="checkbox"/>	Fotograf; Even Bjørdal	AmS-ansvarleg: Helge Sørheim	
AmS arkivnr	Bildnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDKnr
69065	16	20.10.06			ØNØ	Sjaka gjennom gardfaret etter fjerning av steinar; den sørlege delen. Tommestokk indikerer staden der makrofossilprøve vart teke ut.	
69066	17	20.10.06			NØ	Lokaliseringa av sjakta i høve til den NØ delen av gardfaret. Ein ser at gardfaret vert mindre tydlig mot NØ.	
69067	18	20.10.06			NØ	Gardfaret lengst mot NØ.	
69068	19	20.10.06			SV	Gardfaret lengst mot NØ. Helge Sørheim ved den undersøkte rydningsrøysa.	
69069	20	19.10.06			NNØ	Rydningsrøys 1 (struktur A frå den fylkeskommunale registreringa i 2000) før opninga av sjakt.	
69070	21	19.10.06			NNV	Rydningsrøys 1 før opninga av sjakt.	
69071	22	19.10.06			NNV	Rydningsrøys 1 etter avtorving av sjakt.	
69072	23	19.10.06			NNV	Rydningsrøys 1 etter avtorving av sjakt.	
69073	24	19.10.06			SSØ	Rydningsrøys 1 etter avtorving av sjakt.	
69074	25	20.10.06			NV	Rydningsrøys 1 etter fjerning av stein i sjakt.	
69075	26	20.10.06			SSØ	Rydningsrøys 1 etter fjerning av stein i sjakt.	
69076	27	20.10.06			NØ	Rydningsrøys 1 etter fjerning av stein i sjakt. Tommestokk indikerer staden der makrofossilprøve vart teke ut. Nordleg del.	
69077	28	20.10.06			NØ	Rydningsrøys 1 etter fjerning av stein i sjakt. Tommestokk indikerer staden der makrofossilprøve vart teke ut. Sørleg del.	
69078	29	20.10.06			NNØ	Nyoppdaga struktur (rydningsrøys 2) i forgrunnen. I bakgrunnen Helge Sørheim under innmåling med nivellérkikkert.	
69079	30	20.10.06			NNØ	Nyoppdaga struktur (rydningsrøys 3).	
69080	31	20.10.06			NØ	Nyoppdaga struktur (rydningsrøys 3). Denne er truleg noko råka av gjerdet og vegen i S.	

Oppdrag: Arkeologisk undersøking av rydningsrøys og gardfar		Flyf.reg.nr./Formm.nr.					
Sak nr: 19/2001	Gard: Ånestad	Gnr: 45	Bnr: 37				
Film nr. : 1 av 1	<input checked="" type="checkbox"/> S/H <input type="checkbox"/> Dias <input type="checkbox"/> Digitalt <input type="checkbox"/> Fotograf; Even Bjørdal	Kommune: Hå AmS-ansvarleg: Helge Sørheim					
AmS arkivnr	Bilddnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr
69081	32	20.10.06			SØ	Nyoppdaga struktur (rydningsrøys 3). Denne er truleg noko råka av gjerdet og vegen i S.	

Vedlegg 2**Liste over strukturar**

Struktur	Nat.vit.nr.	Funnr.	Dokumentasjon	Merknader	Dato	Sign.
Gardfar	2007/9-2	2 (jordprøve)	Foto, plan-teikning 1:20	Undersøkt ved sjakting	19.10.- 20.10.06	EB
Rydningsrøys 1	2007/9-1	1 (jordprøve)	Foto, plan-teikning 1:20	Undersøkt ved sjakting	19.10.- 20.10.06	EB
Rydningsrøys 2			Foto, plan-teikning 1:20	Ikkje undersøkt nærmare	19.10.- 20.10.06	EB
Rydningsrøys 3			Foto, plan-teikning 1:20	Ikkje undersøkt nærmare	19.10.- 20.10.06	EB

Vedlegg 3**Liste over teikningar**

- Original planteikning/reinteikning av det undersøkte området.
Målestokk 1 : 20.
Teikna 20.10. 2006 av Helge Sørheim på grunnlag av innmåling med
nivellérkikkert. Lagt i top. ark. ved AmS.

- Reinteikning basert på Sørheim si originale teikning. Målestokk 1 : 20.
Teikna 27.04. 2007 av Even Bjørdal. Lagt i top. ark. ved AmS.

Vedlegg 4**Funnliste**

Funnr. 1 Jordprøve frå rydningsrøys 1, nat.vit.nr. 2007/9-1:
 9 trekolbitar (0,7g)

Funnr. 2 Jordprøve frå gardfaret, nat.vit.nr. 2007/9-2:
 10 trekolbitar (0,15g)

Katalog for lokalitet med gardfar og rydningsrøyser på Ånestad, gnr 45 / bnr 37, Hå kommune.

KATALOGISERING TIL HOVUDKATALOGEN

Museumsnummer:	ikkje tildelt pga ingen gjenstandsfunn
Aksesjonsnummer:	2007/28 (gardfaret) og 2007/29 (rydningsrøys 1)
Saksnummer:	19/2001
Lokalitetsnamn:	I fornminnefeltet "Raudaland" / "Røysen – Hauan"
Gårdsnamn:	Ånestad
Bruksnamn:	
Gardnr.:	45
Bruknr.:	37
Kommune:	Hå
Fornminnenr.:	R 11190045004
Flyfoto/reg.nr.:	514 K6 R9
ID (Askeladden):	24250
ØK kartblad:	AK 015-5-2
NGO-Koord:	
UTM-Koord:	Nærø 1212 III 32VKK066038
H.o.H:	95-100 m
Funnkategori 1:	Buplassfunn
Funnkategori 2:	Lokalitet med spor etter gardfar og rydningsrøyser.
Funnmiljø:	2. Beiteområde
Anlegg og kontekst:	Buplassfunn <ul style="list-style-type: none">- Eit gardfar- Tre rydningsrøyser Funnkontekst <ul style="list-style-type: none">- Ingen gjenstandsfunn. To jordprøver vart teke for makrofossilanalyse: ei prøve frå sjakt i gardfaret og ei prøve frå sjakt i rydningsrøys 1. Datering <ul style="list-style-type: none">- Ingen 14C – datering. Ein eller fleire av strukturane kan vere forhistoriske.
Terren og lokalisering:	Undersøkinga i oktober 2006 gjekk føre seg på ein avgrensa del av Ånestad, gnr 45 / bnr 37 i Hå kommune. Området ligg ca 500 m aust om tunet på bruket og har vore brukt til beiteland. Det er fuktig, prega av grastuer og stein som stikk opp av torva. Det veksler mellom flater av relativt fast mark og meir myrliknande områder. Terrenget heller frå aust mot vest. Undersøkingsområdet er avgrensa av eit steingjerde i nord (mot bnr 17), eit gjerde i vest og eit gjerde langs traktorvegen i sør-søraust. I retning mot aust-nordøst synfarte ein i 2006 fram til staden der høgspentleidningen kryssar området. Ved steingjerdet mot bnr 17 i nord er det planta ein del bartre, elles finst det ikkje skog i området.
Funnomstende:	Arkeologisk undersøking av gardfar og rydningsrøys, uttak av jordprøver for makrofossilanalyse. I samband med denne undersøkinga vart det påvist ytterlegare to rydningsrøyser (rydningsrøys 2 og 3).
Undersøking ved:	- Feltleiar Even Bjørdal, AmS - Prosjektansvarleg Helge Sørheim, AmS
Funne når:	19.10. – 20.10. 2006
Funne av:	

Innlevert av/ved:**Gåve frå:****Diplom dato:****Andre funn:**

Ark. datering: Jernalder ?
14C- datering: Ikkje utført

Katalogisert av: Even Bjørdal
Dato: Mai 2007

Revidert av:**Dato:****Klassifikasjonssystem:**

Materialbestemming: Makrofossilanalyse er gjort av Jon Erik Strange Amundsen, AmS

Systematisering/ordning for mag.: Funna består av to makrofossilprøver: funnr. 1-2, nat.vit.nr. 2007/9-1 og 2007/9-2.
Fnr. 1 inneheldt 9 trekolbitar (0,7g), fnr. 2 inneheldt 10 trekolbitar (0,15g).

Opplysningar i Top. ark.: Rapport, planteikningar, foto, funnliste, liste over naturvitenskapelig prøver, feltdagbok, m.m.

Opplysningar som vil komme seinare:

Andre opplysningar:

Litteratur:**Katalog for lokalitet med gardfar og rydningsrøyser på Ånestad, gnr 45 / bnr 37, Hå kommune:**


- To makrofossilprøver, analysert av J. E. S. Amundsen (Nat.vit. prøvejournalnr. 2007/9-1 og 2007/9-2):
2007/9-1: 9 trekolbitar (0,7g)
2007/9-2: 10 trekolbitar (0,15g)

Funne i oktober 2006 ved Even Bjørdal og Helge Sørheim si undersøking av gardfar og rydningsrøys på Ånestad, gnr 45, bnr 37, Hå kommune. Innan undersøkingsområdet er det påvist eit gardfar og tre rydningsrøyser (rydningsrøys 1-3). Makrofossilprøvene er teke frå botnen av søkesjakter i høvesvis gardfaret (2007/9-2) og rydningsrøys 1 (2007/9-1). Undersøkingsområdet ligg ca 500 m aust om tunet på bruket og har vore brukt til beite land. Det er fuktig, prega av grastuer og stein som stikk opp av torva. Det veksler mellom flater av relativt fast mark og meir myrlignande områder. Terrenget heller frå aust mot vest. Undersøkingsområdet er avgrensaa av eit steingjerde i nord (mot bnr 17), eit gjerde i vest og eit gjerde langs traktorvegen i sør-søraust. I retning mot aust-nordaust synfarte ein i 2006 fram til staden der høgspenteledningen kryssar området. Ved steingjerdet mot bnr 17 i nord er det planta ein del bartre, elles finst det ikkje skog i området.

Vedlegg 6**Liste over vitskapelege prøver**


Nat.vit.nr. 2007/9-1: 9 trekolbitar (0,7g), frå funnr. 1

Nat.vit.nr. 2007/9-2: 10 trekolbitar (0,15g), frå funnr. 2




Vedlegg 7a Oversynskart over området

Oversyn som viser fornminnefeltet ID 24250 ved Ånestad i høve til Varhaug i Hå kommune




Vedlegg 7b Oversynskart over området

Oversyn som viser forminnesfeltet ID 24250 si lokalisering i høve til nærområdet



Vedlegg 8 Oversynskart over lokalitet

Oversyn som viser lokaliseringa av undersøkingsområdet innan fornminnefeltet ID 24250



Vedlegg 9 Detaljteikning av lokalitet: Planteikning som viser undersøkingsområdet på Ånestad, gnr. 45 / bnr. 37